



Vestland
fylkeskommune

Internasjonal strategi for Vestland fylkeskommune 2025 – 2029

Innhold

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN OG VISJON	3
1.2	KVA SKAL STRATEGIEN GJERE FOR OSS?	4
1.3	FORANKRING - UTVIKLINGSPLAN FOR VESTLAND 2024-2028.....	4
2	INTERNASJONALE MOGLEGHEITER	6
3	MÅL OG SATSINGSOMRÅDE	7
4	MÅLGRUPPER - AKTØRBILDE.....	8
5	PRIORITERTE OMRÅDE OG TILGJENGELEGE VERKTØY	9
5.1	INNLEIING	9
5.2	PRIORITERTE OMRÅDE	9
5.3	STRATEGISK TILNÆRMING I SEKTORAR.....	16
5.4	VERKTØYKASSE	18
5.4.1	Særleg om Vest-Norges Brusselkontor (VNB)	20
5.4.2	Særleg om politiske nettverk	20
6	OPPFØLGING, RAPPORTERING OG GYLDIGHEIT	21
6.1	OVERORDNA FAGANSVAR – NPI	21
6.2	INKORPORERING I REGIONALE PLANAR, HANDLINGSPROGRAM, ÅRSPLANAR M.M.	21
6.3	RAPPORTERING OG EVALUERING.....	21
6.4	GYLDIGHEIT	21

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG VISJON

Fylkeskommunen si sentrale rolle som samfunnsutviklar inneber også å fremje internasjonale perspektiv. Gjennom internasjonalt samarbeid opnar vi for innovasjon, verdiskaping og berekraftig omstilling. Ved å lære av og samarbeide med Europa, styrkjer vi vår evne til å møte globale utfordringar og forme ei framtid basert på kunnskap, fellesskap og nye moglegheiter – lokalt, regionalt og globalt. Dette er utgangspunktet visjonen for strategien: "*Saman med Europa – for vekst, omstilling og moglegheiter*", og legg grunnlaget for å skape eit berekraftig og inkluderande Vestland gjennom samarbeid på tvers av grenser.

Internasjonalt samarbeid opnar dører for kommunesektoren, næringslivet, og utdannings-, forskings- og kulturinstitusjonar. Det gir tilgang til ny kunnskap, erfaringar og EU-finansiering, og skal bidra til å styrkje fylkeskommunen sine satsingar på sektornivå, heve kvaliteten og fremje innovasjon i tenestene våre.

EØS-avtalen er ei viktig ramme for Vestland sitt internasjonale samarbeid. Avtalen gir tilgang til den europeiske marknaden, forskings- og utdanningsprogram, samt finansieringsmoglegheiter som kan styrkje regional utvikling og innovasjon.

Storbritannia er ein viktig samarbeidspartnar for Vestland, med lange historiske, kulturelle og økonomiske band. Trass i at landet etter Brexit står utanfor EU-programma, er det framleis ein sentral aktør i europeisk samanheng. For Vestland fylkeskommune er det strategisk viktig å vidareutvikle samarbeidet med britiske partnarar for å styrke kunnskapsdeling, internasjonal kompetanse og innovasjon. Særleg gjeld dette innan elevutveksling og opplæring, kulturprosjekt og kunstnarutveksling, FoU-samarbeid og næringsutvikling.

Strategien tek utgangspunkt i moglegheitene som ligg i det europeiske samarbeidet, men omfattar òg samarbeid med aktørar utanfor Europa, der dette bidreg til utvikling, kompetansebygging og ny innsikt.

VISJON

"Saman med Europa – for vekst, omstilling og moglegheiter"

Gjennom internasjonalt samarbeid opnar vi for innovasjon, verdiskaping og berekraftig omstilling. Ved å lære av og samarbeide med andre regionar i Europa og i verda elles, styrkjer vi vår evne til å møte globale utfordringar og forme ei framtid basert på kunnskap, fellesskap og nye moglegheiter – lokalt, regionalt og globalt.

1.2 KVA SKAL STRATEGIEN GJERE FOR OSS?

Strategien skal støtte opp under dei vedtekne utviklingsmåla for regionen gjennom ei samla politisk og administrativ tilnærming til internasjonalt samarbeid. Den skal styrkje vår felles forståing av kva som er moglegheitene, og sikre eit koordinert og effektivt samarbeid på tvers av fagområde.

Vidare skal strategien bidra til auka medvit om dei interne rollane våre og fremje samarbeid på tvers av avdelingar og funksjonar. For å få til dette er det laga ein oversikt over prioriterte område i punkt 5.2 nedanfor, med kopling til relevante avdelingar. Det vert vidare lagt opp til at desse områda skal evaluerast annakvart år, og justerast ved behov. (Meir om dette i punkt 6 om oppfølging og rapportering.)

Strategien skal vere relevant og lett atkjenneleg for alle i organisasjonen, og slik skape eigarskap og engasjement.

1.3 FORANKRING - UTVIKLINGSPLAN FOR VESTLAND 2024-2028

Denne internasjonale strategien er forankra i utviklingsplanen for Vestland, Utviklingsplan for Vestland 2024–2028, og planen sine fire satsingsområde med tilhøyrande mål. Strategien peikar på at internasjonale perspektiv og samarbeid skal skape meirverdi.¹

¹ Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, s. 25.

Satsingsområde

Velferd og verdiskaping



Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn

Satsingsområde

Demografi og likeverd



Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket

Satsingsområde

Klima og natur



I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga

Satsingsområde

Samarbeid




Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning

I tillegg til dei fire satsingsområda, er det i utviklingsplanen definert 10 strategiar som skal bidra til å omsette desse måla i meir spissa politikk og handling.

Innan alle desse satsingsområda er det potensiale for internasjonalt samarbeid, for å styrke innsatsen.

I oversikta over prioriterte område, jf. nedanfor i punkt 5.2., vert det gjort koplingar mellom desse satsingsområda, og prioriterte område for internasjonalt arbeid.



2 INTERNASJONALE MOGLEGHEITER

Internasjonalt samarbeid har stor verdi for samfunnsutviklinga, og gir moglegheiter for deltaking og påverknad på fleire område:

1. **Kunnskap og kompetanse:** Gjennom internasjonalt samarbeid får vi tilgang til ny kunnskap, erfaringar og innovative løysingar som kan styrke vår eiga utvikling. Dette kan vere innan utdanning, opplæring, kultur, næringsliv, forskning og teknologi.
2. **Berekraft og felles utfordringar:** Mange av dei største utfordringane - som klimaendringar, pandemiar og migrasjon - er globale utfordringar som går utover kommunale, regionale eller nasjonale grenser. Internasjonalt samarbeid er nødvendig for å finne løysingar og handtere desse utfordringane lokalt på ein effektiv måte.
3. **Tilgang til ressursar og finansiering:** Europeiske samarbeidsprosjekt kan gje tilgang til finansiering og ressursar som gjer det mogleg å gjennomføre viktige tiltak for fylkeskommunen – også prosjekt som elles ikkje ville fått økonomiske midlar.
4. **Økonomisk verdiskaping og konkurranseevne:** Deltaking i internasjonalt samarbeid og nettverk opnar dørene for nye markadar, handel og investeringar. Det kan også styrke lokal næringsutvikling og gjere regionen meir konkurransedyktig globalt.
5. **Kulturell utveksling og forståing:** Internasjonalt samarbeid fremjar kulturell utveksling og aukar forståing mellom ulike land og samfunn. Dette bidreg til eit meir inkluderande og tolerant samfunn. Auka språkkunnskap styrker integrering og er ein viktig ressurs i arbeidslivet.
6. **Styrking av regionale og lokale satsingar:** Gjennom internasjonalt samarbeid kan regionale og lokale satsingar få meir merksemd, støtte og ressursar, noko som kan auke kvaliteten.
7. **Geopolitiske forhold:** I ei globalisert verd er det avgjerande å vere del av internasjonale nettverk for å kunne påverke og tilpasse seg geopolitiske endringar, demokratiske prosessar, internasjonale forpliktingar og beredskapsspørsmål.

3 MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

Dei internasjonale moglegheitene som er framheva i punkt 3 ovanfor, er samla i fire satsingar.

Satsingane skal gje retning for arbeidet, samle ressursar og innsats om det som er viktigast, og bidra til å skape ønskja utvikling over tid. I løpet av neste fireårsperiode skal Vestland fylkeskommune ha oppnådd følgjande mål:

MÅL

- 1) Vestland er ein synleg region på den europeiske arenaen og står fram som ein attraktiv samarbeidspartner.
- 2) Vestland fylkeskommune nyttar moglegheitene for internasjonalt samarbeid på ein aktiv, målretta og effektiv måte innanfor dei definerte satsingsområda.
- 3) Vestland fylkeskommune nyttar moglegheitene til politisk påverknad for støtte ei ønska utvikling i regionen.



4 MÅLGRUPPER - AKTØRBILDE

Ei oversikt over målgrupper og aktørar sikrar ein målretta strategi, betre kommunikasjon, sterkare samarbeid og effektiv ressursbruk.

Kven er brukarane?

Strategien rettar seg primært mot avdelingane i Vestland fylkeskommune (sentraladministrasjonen), og oppmodar om å sjå utover eigen sektor og identifisere nye moglegheiter på tvers i organisasjonen.


Kven jobbar vi med?

For å nå måla våre samarbeider vi med ei rekkje aktørar på fleire nivå. Viktige partnerar inkluderer forskings- og utdanningsinstitusjonar, verkemiddelapparatet og kommunar.

Kven jobbar vi for?

Samarbeidet skal tilføre meirverdi til fylkeskommunen sine samfunnsoppgåver og på denne måten kome både innbyggjarar, kommunar, bedrifter og næringsaktørar til nytte.

Lista over kven vi jobbar med og for er ikkje uttømmende.



5 PRIORITERTE OMRÅDE OG TILGJENGELEGE VERKTØY

5.1 INNLEIING

For å styrkje kompetanse og fagleg utvikling prioriterer Vestland fylkeskommune utvalde tema og fagområde basert på aktuelle utfordringar, framtidige behov og tilgjengelege ressursar. Desse prioriteringane legg grunnlaget for målretta satsingar som skal bidra til langsiktig utvikling. Områda vert gjennomgått i punkt 5.2 nedanfor.

For å støtte dette arbeidet har fylkeskommunen fleire verktøy tilgjengelege. Desse kan brukast kvar for seg for spesifikke formål eller i samspel for å skape meir heilskaplege og effektive løysingar. Verktøya vert nærmare skildra i punkt 5.4.

5.2 PRIORITERTE OMRÅDE

(Forkortingar for avdelingar: IKT og digitalisering (IDI), organisasjon og økonomi (ORO), infrastruktur og veg (INV), kultur og folkehelse (KFO), opplæring og kompetanse (OPK), eigedom og utvikling (EDU), næring, plan og innovasjon (NPI), mobilitet og kollektivtransport (MOK))

Prioriterte område	Kopling til satsing i utviklingsplanen	Svarar til følgjande internasjonale satsingar	Aktuelle avdelingar
<p>DIGITAL OMSTILLING</p> <p>Internasjonalt samarbeid om digital omstilling, inkludert bruk av kunstig intelligens (KI), gir tilgang til ny teknologi, kompetanse og løysingar som vil styrke innovasjon og utvikling i fylket.</p> <p>Samarbeidet opnar for felles prosjekt og erfaringsutveksling med andre land, og bidreg til å sikre at vi tar del i og påverkar den digitale utviklinga på ein berekraftig og ansvarleg måte.</p>	<p>2 Vestland skal utvikle framtidssretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar.</p> <p>5 Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.</p> <p>6 Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn</p>	<p>1 Ny kunnskap, nye erfaringar og innovative løysingar som styrkar eiga utvikling og kvaliteten på tenestene våre.</p> <p>2 Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p> <p>4 Styrke lokal næringsutvikling og verdiskaping og gjere regionen meir globalt konkurransedyktig</p>	<p>IDI,ORO, INV,OPK, EDU,NPI</p>

GRØN OMSTILLING OG SIRKULÆR ØKONOMI

Internasjonalt samarbeid styrker grøn omstilling og sirkulær økonomi ved å gi tilgang til ny kunnskap, teknologi og finansiering. Det legg til rette for kompetanseutveksling og løysingar på globale klima- og ressursutfordringar.





Sentrale tema er utvikling av nullutsleppsteknologi (net-zero), dekarbonisering og eit berekraftig økonomisk skifte. Samarbeid om dette styrker konkurransekrafta i næringslivet. Det skal prioriterast å etablere meir støttande miljø for å skalere opp produksjonskapasiteten for nullutsleppsteknologi og -produkt.



Dette reduserer òg sårbarheit knytt til geopolitiske forhold og sikrar større uavhengigheit i ei tid med press på ressursar og marknader.

- 3** Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringar og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 4** Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet.
- 9** Vestland skal forvalte natur-, landskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv og følgje opp Montrealavtalen frå 2022.
- 10** Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp



- 1** Ny kunnskap, nye erfaringar og innovative løysingar som styrkar eiga utvikling og kvaliteten på tenestene våre.
- 2** Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.
- 3** Meir inkluderande, tolerante og attraktive lokalsamfunn.
- 4** Styrke lokal næringsutvikling og verdiskaping og gjere regionen meir globalt konkurransedyktig



NPI, INV, ORO, MOK, EDU

<p>UTVIKLING OG BRUK AV FORNYBAR ENERGI OG ENERGIEFFEKTIVISERING</p> <p>Internasjonalt samarbeid innan bruk av fornybar energi og utvikling av ny teknologi, er avgjerande for å akselerere overgangen til meir berekraftige energikjelder.</p> <p>Energieffektivisering må til for å redusere energibruken. Elektrifisering av transport krev målretta finansiering, næringsstøtte, samarbeid og innovasjon. Standardisering er viktig for å sikre kompatibilitet, effektivitet og kvalitet på tvers av land og sektorar, samstundes om dei styrkjer konkurransevne og påverkar regelverk.</p>	 <p>1 Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskingsmiljø, næringsliv og samfunn.</p> <p>3 Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringar og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.</p> <p>4 Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet.</p> <p>10 Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp</p>	 <p>1 Ny kunnskap, nye erfaringar og innovative løysingar som styrkar eiga utvikling og kvaliteten på tenestene våre.</p> <p>2 Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p> <p>3 Meir inkluderande, tolerante og attraktive lokalsamfunn.</p>	<p>INV, MOK, NPI</p>
<p>UTDANNING, YRKESPRAKSIS OG KOMPETANSEHEVING</p> <p>Internasjonalt samarbeid gjev elevar, lærlingar, fagskuleelevar, lærarar, skuleleiarar og andre – som til dømes tilsette i vaksenopplæringa, opplæringsansvarleg i bedrift og samarbeidsorgan - moglegheit til å delta i prosjekt, utveksling, praksis og kompetanseheving, både gjennom læringsopphald i utlandet og ved å ta imot deltakarar frå andre land. Erasmus+-programmet og nordiske samarbeid er eksempel på moglegheiter for slike samarbeid.</p> <p>Elevar kan også ta Vg2 i utlandet for å oppnå språkkompetanse, internasjonal erfaring og kompetanse.</p>	 <p>5 Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.</p> <p>6 Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn</p>	 <p>1 Ny kunnskap, nye erfaringar og innovative løysingar som styrkar eiga utvikling og kvaliteten på tenestene våre.</p> <p>2 Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p> <p>3 Meir inkluderande, tolerante og attraktive lokalsamfunn.</p> <p>4 Styrke lokal næringsutvikling og verdiskaping og gjere regionen meir globalt konkurransedyktig</p>	<p>OPK, KFO, NPI</p>

<p>Dette arbeidet styrker nettverk mellom skular, utdanningsinstitusjonar og bedrifter, og fremjar innovasjon og beste praksis på tvers av landegrensene. Det gjev også auka forståing av ulike utdanningssystem, arbeidsmetodar og kulturar, og utviklar viktig kompetanse for Vestland.</p>			
<p>TRYGGE, ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN</p> <p>Internasjonalt samarbeid fremjar kulturelt mangfald, bevaring av kulturarv og utvikling av kunst- og kulturutveksling. Det gir lokalsamfunn nye impulsar gjennom deling av beste praksisar innan natur- og friluftsliv, styrking av lokale mat- og drikkekulturar og samarbeid om kreative næringer. Samfunnsengasjement og kulturell verdiskaping og forståing blir styrkt gjennom læring frå andre samfunnsmodellar og felles satsingar på infrastruktur og tenesteutvikling. Det profesjonelle kulturlivet får fleire moglegheiter gjennom internasjonale nettverk, ressursdeling og samarbeid, noko som legg til rette for kunstnarleg og kreativ utvikling med eit breiare publikum.</p> <p>Berekraftige transportløysingar i distrikta vert styrka gjennom internasjonalt samarbeid, kunnskapsdeling og innovasjon. Erfaringsutveksling med europeiske partnarar bidreg til utvikling av fleksibel mobilitet og styrking av regionale senter.</p>	 <p>2 Vestland skal utvikle framtidsretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar.</p> <p>3 Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringer og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.</p> <p>6 Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn</p> <p>7 Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene.</p>	 <p>1 Ny kunnskap, nye erfaringar og innovative løysingar som styrkar eiga utvikling og kvaliteten på tenestene våre.</p> <p>2 Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p> <p>3 Meir inkluderande, tolerante og attraktive lokalsamfunn.</p> <p>4 Styrke lokal næringsutvikling og verdiskaping og gjere regionen meir globalt konkurransedyktig</p>	<p>IDI, INV, KFO, MOK, NPI</p>

<p>INKLUDERING OG MANGFALD</p> <p>Internasjonalt samarbeid kan styrke inkludering og mangfald ved å dele erfaringar og beste praksisar. Gjennom samarbeid får ein tilgang til ressursar og kunnskap som fremjar satsing på ungdom, universell utforming og aldersinkludering. Dette inkluderer felles prosjekt, teknologiutveksling og økonomisk støtte som bidreg til å skape meir inkluderande og mangfaldige samfunn.</p>	<div style="display: flex; justify-content: space-around;"> <div style="text-align: center;"> <p>5</p> <p>Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.</p> </div> <div style="text-align: center;"> <p>6</p> <p>Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn</p> </div> </div>	<div style="text-align: center;"> <p>3</p> <p>Meir inkluderande, tolerante og attraktive lokalsamfunn.</p> </div>	<p>IDI, INV, KFO, MOK, NPI, ORO</p>
<p>KLIMATILPASSING, HINDRE FORUREINING OG NEDBYGGING AV NATUR, SIKRE BIOLOGISK MANGFALD</p> <p>Internasjonalt samarbeid gir fylkeskommunen tilgang til kunnskap og erfaringar som styrker arbeidet med klimatilpassing og naturvern. Samarbeid på tvers av landegrensar kan også utløyse finansiering frå EU.</p> <p>Gjennom deltaking i felles prosjekt og nettverk vil fylkeskommunen utvikle betre løysingar for å hindre nedbygging av natur og sikre biologisk mangfald.</p> <p>Internasjonalt samarbeid gir moglegheit til å utvikle løysingar i fellesskap for å redusere forureining som påverkar fleire land. Dette gjeld blant anna lysforureining, som kan true naturmangfald, og forureining av havet, som plastforsøpling og utslepp.</p>	<div style="display: flex; justify-content: space-around;"> <div style="text-align: center;"> <p>4</p> <p>Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet.</p> </div> <div style="text-align: center;"> <p>10</p> <p>Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp</p> </div> </div>	<div style="display: flex; justify-content: space-around;"> <div style="text-align: center;"> <p>1</p> <p>Ny kunnskap, nye erfaringar og innovative løysingar som styrkar eiga utvikling og kvaliteten på tenestene våre.</p> </div> <div style="text-align: center;"> <p>2</p> <p>Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p> </div> </div>	<p>INV, MOK, NPI, KFO</p>

<p>REISELIV OG BESØKSFORVALTING</p> <p>Internasjonalt samarbeid innan reiseliv og besøksforvaltning legg til rette for kunnskapsdeling, innovasjon og berekraftige løysingar. Gjennom EU-prosjekt kan ein få økonomisk støtte, etablere samarbeid på tvers av landegrensar og utvikle felles standardar. Dette styrker kompetansen til aktørar som arbeider med besøksforvaltning, gir verktøy for å handtere masseturisme, verne natur og sikre høg kvalitet på opplevingar for besøkande.</p> <p>Vestland har fleire verdsarvstader som er ein viktig del av dette arbeidet.</p>	<p>1 Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskingsmiljø, næringsliv og samfunn.</p> <p>2 Vestland skal utvikle framtidsetta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar.</p> <p>3 Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringer og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.</p> <p>7 Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentra skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene.</p> <p>9 Vestland skal forvalte natur-, landskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv og følgje opp Montrealavtalen frå 2022.</p>	 <p>2 Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p> <p>4 Styrke lokal næringsutvikling og gjere regionen meir globalt konkurransedyktig</p>	<p>NPI, INV, MOK, KFO,</p>
<p>SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP</p> <p>Internasjonalt samarbeid spelar ei viktig rolle i samfunnstryggleik og beredskap. Ved å delta i internasjonale prosjekt for å utvikle beredskapsevna, t.d. innan klimatilpassing og digital sikkerheit, kan det sikrast at transport, energi og digitale tenester også fungerer under kriser.</p> <p>Utviklinga av den geopolitiske situasjonen gir fokus på tettare samarbeid og auka europeisk sjølvbergingsgrad i strategisk viktige verdikjeder, med vekt på bruk av europeiske råvarer og teknologi.</p>	<p>8 Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnsikkerheit og beredskap i alle sektorar</p>	 <p>2 Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p>	<p>IDI, INV, MOK, NPI,</p>

<p>Fokus på demokrati og ytringsfridom på tvers av landegrenser styrker beredskapen i sivilsamfunna.</p>			
<p>RETTE RAMMER FOR INNOVASJON OG ENTREPRENØRSKAP</p> <p>Internasjonalt samarbeid kan fremje innovasjon og entreprenørskap i utkantane i fylket. Gjennom nettverk og prosjektsamarbeid med aktørar i liknande situasjonar, får ein tilgang til ny kunnskap, utvikling og erfaringar som bidreg til å skape attraktive og livskraftige lokalsamfunn.</p> <p>Internasjonalt samarbeid styrkar arbeidet med innovasjonsøkosystemet i Vestland. Gjennom slike samarbeid kan ein få økonomisk støtte, utvikle partnarskap med andre land og skape læring på tvers av landegrenser. Dette vil styrke kompetansen til aktørane i innovasjonsøkosystemet, og gi dei betre føresetnader for å støtte både gründerar og etablert næringsliv. Samstundes opnar det for å arbeide meir målretta med store og komplekse samfunnsutfordringar, fremje lokal næringsutvikling og verdiskaping – og bidra til at heile fylket blir teke i bruk.</p> <p>Kulturnæringane er i sterk vekst og kan spele ei tydeleg rolle i dette.</p>	 <p>1 Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskingsmiljø, næringsliv og samfunn.</p>	 <p>1 Ny kunnskap, nye erfaringar og innovative løysingar som styrkar eiga utvikling og kvaliteten på tenestene våre.</p> <p>2 Felles globale løysingar på store og komplekse samfunnsutfordringar.</p> <p>4 Styrke lokal næringsutvikling og verdiskaping og gjere regionen meir globalt konkurransedyktig.</p>	<p>NPI, INV, IDI, MOK</p>

5.3 STRATEGISK TILNÆRMING I SEKTORAR

Fylkeskommunen har over lang tid arbeidd systematisk og strategisk med internasjonalt samarbeid. Nokre sektorar har egne behov som krev meir detaljerte handlingsplanar. Tabellen under viser korleis dei ulike sektorane vil følgje opp det internasjonale arbeidet innan sine ansvarsområde.

Opplæring og kompetanse	<p>I opplæringssektoren skal internasjonalt arbeid vere ein integrert del av skulekvardagen for elevar og eit reelt tilbod til studentar og lærlingar i bedrifter. Målet er å styrke kvalitet og relevans i opplæringa, og gi ungdom og andre under utdanning internasjonal kompetanse, kulturforståing og betre språkkunnskarar. Vi ønsker å ruste ungdom, elevar og studentar i Vestland til å fungere reflektert og positivt i eit globalisert samfunn og arbeidsliv.</p> <p>Målretta arbeid for å auke den internasjonale kompetansen i opplæringssektoren gir ny kunnskap og perspektiv som bidreg til utvikling av eigen region. Vi skal aktivt bruke internasjonale erfaringar til å styrke den regionale utviklinga i Vestland. Vår tilnærming er: «Ut for å innhente kunnskap, tilbake med nye måtar å sjå og løyse utfordringar på.» Høgt aktivitetsnivå skal sikre at alle ungdommar under utdanning i Vestland får ein internasjonal dimensjon i opplæringa, uavhengig av om dei reiser utanlands eller ikkje. Resiprositet og besøk frå utlandet er også viktig, då dette bidreg til inkludering og involvering og at fleire får moglegheita til å delta i eit internasjonalt læringsmiljø. Samtidig vil besøk frå utlandet bidra til at dei tek med seg kunnskap og erfaring frå vår måte å jobbe på.</p> <p>OPK vil i perioden 2025-29 vidareføre satsinga på å sikre at den internasjonale dimensjonen er integrert i skulekvardagen for alle, og at elevar, studentar og lærlingar får eit godt grunnlag for å forstå seg sjølve, andre og verda rundt seg.</p> <p>Prioriterte tiltak vil vere:</p> <ul style="list-style-type: none">• Vidareføre og vidareutvikle eksisterande tilbod av Vg2 i utlandet i regi av fylkeskommunen• Etablere nytt Vg2-tilbod i Spania• Utgreie moglegheita for nytt Vg2-tilbod i Skottland• Utgreie moglegheita for kortare elevutveksling med Orknøyane• Vidareføre det nordiske samarbeidet med Bergen sine vennskapsbyar. Årleg elevutveksling gjennom <i>Vennskapsbyenes ungdomskonferanse (VUK)</i>.• Vidareføre og vidareutvikle arbeid med Erasmus+ mobilitet for elevar, lærlingar og tilsette.• Utarbeide internasjonal handlingsplan for opplæringssektoren 2026-29.• Oppfølging av Fagskulen Vestland sin eigen mål- og handlingsplan for internasjonalt arbeid.
Kultur og folkehelse	<p>Vestland er ein leiande kulturregion med mange store og mindre verksemdar, enkeltutøvarar og kunstnarar med eit internasjonalt nettverk og nedslagsfelt. Det krevst stadig ivaretaking og utvikling av dette. Å ta inn over seg internasjonale perspektiv og sørge for at vår eigen kultur finn vegen ut over grensene, bidreg til mangfald, openheit, nye impulsar og nye perspektiv. Fylkeskommunen vil ta ei aktiv rolle her ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• støtte og stimulere aktørane i deira internasjonale arbeid med tilskot, gjennom målretta eigarskap og deling av nettverk og kompetanse.

	<ul style="list-style-type: none"> • fange opp felles kunnskapsbehova innan kultur og folkehelse i fylket og initiere felles framstøyt nasjonalt og internasjonalt. • koordinere og organisere avtalefesta samarbeid og utveksling med Orkney Islands Council og Edinburgh City Council.
Infrastruktur og veg	<p>INV ønskjer å bruke internasjonalt arbeid til å styrke arbeidet med eit trygt, effektivt og framtidsretta fylkesvegnett som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling. Dette vil vi gjere ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • finne betre løysingar innan anlegg, drift, vedlikehald og investeringar, til dømes ved bruk av innovasjon og ny teknologi, gjennom samarbeid og kunnskapsdeling på tvers av landegrensar
Næring, plan og innovasjon	<p>NPI skal bruke internasjonalt samarbeid som ein integrert del av sine oppgåver innan samfunns- og næringsutvikling. Slik legg vi til rette for at utviklinga er framtidsretta. For å auka konkurransekraft, sikre rett kompetanse, møte krav til grøn omstilling og samstundes utvikle gode lokalsamfunn, skal vi lære av andre, samarbeide på tvers av landegrensar og hente heim ressursar og kunnskap.</p> <p>Dette gjer vi gjennom å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • delta i internasjonale forskings- og innovasjonsprogram som gir tilgang til ny kunnskap og utviklingsmidlar for nærings- og samfunnsprosjekt, til dømes Horizon Europe • utvikle prosjekt som koplar forskning og næringsliv på tvers av landegrensar, og som gir praktiske resultat regionalt • byggje strategiske nettverk med ulike aktørar i andre regionar som kan styrkje næringslivet og offentleg sektor, både administrativt og politisk, til dømes Nordsjøkommisjonen. • hente og tilpasse internasjonale erfaringar innan grøn omstilling, energi, sirkulærøkonomi, digital transformasjon og berekraftig areal- og samfunnsplanlegging • bruke internasjonale erfaringar til å styrkje berekraft og livskvalitet gjennom utvikling av trygge, attraktive og inkluderande lokalsamfunn • bidra til å synleggjere vestlandske løysingar og erfaringar internasjonalt • NPI skal involvere Fagskolen Vestland i internasjonalt samarbeid der utdanning og kompetanse er eit verktøy for å nå dei ovannemnte måla

5.4 VERKTØYKASSE

For å jobbe med disse strategiane har VLFK fleire tilgjengelege verktøy, som kan brukast kvar for seg eller i samspel med kvarandre:

- **Frukostmøte/webinar:** Arena for tverrregionale og internasjonale samtalar, der aktørar kan dele kunnskap og diskutere aktuelle tema på tvers av regionar og land.
- **Prosjekt- og programsamarbeid:** Samarbeid med internasjonale partnarar om konkrete prosjekt for å oppnå felles mål, inkludert partnersøk for å identifisere relevante samarbeidspartnarar. (Eks. Erasmus+-programmet, Interreg og Horisont Europa.)
- **Utvexling for lærarar, studentar og elevar:** Fremjar internasjonal forståing og kunnskapsutvexling gjennom direkte erfaringar på tvers av land og kulturar, styrkjer språkkunnskap og fremjar kulturforståing.
- **Vest-Norges Brusselkontor:** Lokalisert i Brussel, og fungerer som bindeledd mellom regionen og EU. Tilbyr tilgang til informasjon, politiske nettverk og påverknadsmoglegheiter i EU-prosessar. (Sjå eige punkt nedanfor)
- **Politiske nettverk:** Samarbeid mellom politikarar på tvers av land for å handtere felles utfordringar og fremje regionale interesser på internasjonalt nivå. (Sjå eige punkt nedanfor)
- **Tematiske nettverk:** Nettverk av aktørar innan spesifikke fagfelt som møtest for å dele beste praksis, utvikle felles løysingar og styrkje fagleg samarbeid. Eksempel på dette kan vere fylkesnettverk og deltaking på relevante internasjonale konferansar.
- **Samarbeid mellom regionar (ikkje prosjekt):** Langsiktig samarbeid og erfaringsoverføring mellom regionar med felles interesser og strategiske mål. Dette kan inkludere kulturell utvexling og utvikling av felles satsingar utan konkrete prosjekt. Det kan vere nyttig å evaluere eksisterande samarbeidsregionar og vurdere vidare oppfølging.
- **Invest In Vestland:** Aktiv satsing på å tiltrekke internasjonale bedrifter til regionen ved å støtte etablering og vekst av nye verksemder gjennom insentiv og tilrettelegging.
- **Samarbeid med verkemiddelaktørar:** Samarbeid med regionale og nasjonale aktørar som Innovasjon Norge, Siva og Forskingsrådet for å fremje innovasjon, forskning og næringsutvikling i regionen.
- **Samarbeid på nasjonalt nivå:** Koordinering og samarbeid med offentlege etatar, KS, departement og ambassadar for å styrkje nasjonal og internasjonal påverking på viktige politiske og økonomiske område.

Eksempel på kategorisering av verktøy:

Kunnskapsdeling og nettverksbygging

Verktøy som fremjar informasjonsutveksling, diskusjon og samarbeid på tvers av regionar og landegrenser.

Frukostmøter/
webinar

Prosjekt- og
programsamarbeid

Tematiske
nettverk

Politiske
nettverk

Internasjonalt samarbeid og prosjektutvikling

Verktøy som støttar konkrete samarbeid og utvikling av felles prosjekt for å oppnå mål på tvers av landegrenser.

Utteksling for
lærarar, studentar
og elevar

Prosjekt- og
programsamarbeid

Samarbeid mellom
regionar utanfor
prosjekt

Påverknad og EU-relasjonar

Verktøy som fokuserer på påverknad i politiske prosessar og styrking av relasjonar med EU og andre internasjonale aktørar.

Vest-Norges
Brusselkontor

Politiske
nettverk

Samarbeid på
nasjonalt nivå

Næringsutvikling og investeringar

Verktøy som legg til rette for økonomiske vekst, næringsutvikling og tiltrekking av internasjonale investeringar.

Samarbeid med
verkemiddel-
aktørar

Invest In
Vestland

Samarbeid på
nasjonalt nivå

5.4.1 Særleg om Vest-Norges Brusselkontor (VNB)

Vest-Norges Brusselkontor (VNB) er eit av seks norske regionkontor i Brussel, og har sidan etableringa i 2003 fungert som et bindeledd mellom Vest-Norge og EU. Både Vestland og Møre og Romsdal fylkeskommune er medlemmar, saman med fleire kommunar i fylka, Høgskulen på Vestland og Havforskningsinstituttet.



VNB skal bidra til å utvikle satsingar av felles interesse for medlemmane, og som styrkjer Vest-Noreg som heile, ikkje berre dei enkelte medlemmene. Det vert lagt opp til ei tematisk tilnærming som mål om å styrkje den regionale identiteten og synleggjere felles interesser, samt identifisere område der det finst ein særleg samanheng mellom Vest-Noreg og EU. VNB skal fremje samarbeid og utvikling både på regionalt og europeisk nivå, og bidra til å finne felles løysingar på aktuelle utfordringar arbeid, med fokus på følgjande satsingsområde:

- Sirkulærøkonomi og grøn energi
- Berekraftig bruk av havet
- Helse og velferd
- Framtida sine lokalsamfunn
- Digitalisering og smart teknologi
- Forsking, innovasjon og utdanning
- Beredskap og sikkerheit

5.4.2 Særleg om politiske nettverk

Vestland fylkeskommune er aktivt involvert i internasjonalt samarbeid for å styrkje regional utvikling, fremje kompetanse og påverke politikkutforming på tvers av landegrensar. Fylkeskommunen deltek i fleire internasjonale nettverk og organisasjonar som:

- Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR)
- Nordsjøkommisjonen (NSC)
- Euromontana (European Association of Mountain Areas)
- EARLALL (The European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning)

Fylkeskommunen nyttar sitt internasjonale engasjement til å utveksle erfaringar og styrkje samarbeidet med andre regionar i Europa, og fremje Vestland som ein innovativ og berekraftig region. Gjennom medlemskap i organisasjonar som CPMR og Nordsjøkommisjonen, får Vestland fylkeskommune ei plattform for å påverke EU-politikk, samstundes som det opnar for samarbeid om felles utfordringar og moglegheiter.

6 OPPFØLGING, RAPPORTERING OG GYLDIGHEIT

6.1 OVERORDNA FAGANSVAR – NPI

Avdeling for næring, plan og innovasjon (NPI) har det overordna ansvaret for å utarbeide den internasjonale strategien. Seksjon for forskning, kompetanse og internasjonalisering, ved internasjonal faggruppe, har det faglege ansvaret for oppfølginga av denne strategien.

Internasjonal faggruppe skal:

- Vere ein rådgjevande ressurs for alle avdelingane, med ansvar for å definere og konkretisere prosedyrar, utvikle rutinar og sikre politisk behandling av relevante saker. Dette kan til dømes omfatte å gi råd i strategiske spørsmål og bidra til utforming av handlingsplanar.
- Vera ein tilretteleggjar for konkret samarbeid på tvers av avdelingar, slik at internasjonale initiativ og prosjekt kan gjennomførast effektivt og med heilskapleg støtte frå ulike delar av organisasjonen.

6.2 INKORPORERING I REGIONALE PLANAR, HANDLINGSPROGRAM, ÅRSPLANAR M.M.

Alle avdelingane skal vurdere behov og moglegheiter for internasjonale samarbeid, og inkorporere dette som konkrete mål og tiltak i relevante planverk og handlingsprogram.

I særskilde tilfelle, der det er behov for meir utfyllande oppfølging, kan det utarbeidast eigne avdelingsvise internasjonale handlingsplanar som skal forankrast politisk. Ved eventuell motstrid skal denne strategien gå føre slike særskilde strategiar.

6.3 RAPPORTERING OG EVALUERING

Årsrapport om status for mål skal leverast til fylkesutvalet kvart år, der framdrift og resultat knytt til dei prioriterte områda i strategien vert gjennomgått.

Alle prioriterte område skal evaluerast og vurderast på nytt annakvart år for å sikre at strategien held seg relevant og er i samsvar med både lokale og internasjonale endringar. Denne evalueringsprosessen vil gi eit grunnlag for å justere og tilpasse strategien, slik at den kan møte nye utfordringar, endra behov eller moglegheiter som oppstår over tid. Justeringane vert lagt fram for fylkesutvalet for vedtak.

Ved behov ytterlage informasjon gjennom året, vert det lagt fram referatsaker for relevante hovudutvala.

6.4 GYLDIGHEIT

Denne strategien trer i kraft etter politisk vedtak i fylkestinget, og frå dette tidspunktet vert tidlegare strategiar oppheva. Strategien fireårig og følgjer prosessen for utviklingsplanen.